

IK 1	K 08 – 70	Retningslinjer for leveringskvalitet	Utarbeida av: Hallgeir Hastlevoll	Side: 1 av 4
Kapittel 8	Utgåve: 1		Godkjendt av: Anders Molland	Dato: 17.10.2016



***LUSTER
ENERGIVERK AS***

**RETNINGSLINJER
FOR
LEVERINGSKVALITET**

IK 1	K 08 – 70	Retningslinjer for leveringskvalitet	Utarbeida av: Hallgeir Hastlevoll	Side: 2 av 4
Kapittel 8	Utgåve: 1		Godkjendt av: Anders Molland	Dato: 17.10.2016

Luster Energiverk skal levera straum med rett kvalitet til lågast mogleg total kostnad. Effektiv drift av vårt kraftnett må alltid skje innanfor dei rammevilkår som myndighetene gjev oss. Dersom Luster Energiverk ikkje trengte å ta omsyn til aktuelle avgrensingar som for eksempel miljøkrav, kvalitetskrav eller krav til persontryggleik, ville nettkostnadane vore vesentlig lågare. Som restriksjon og rammevilkår har leveringskvalitet fått ein markant aukande verknad dei siste åra.

Problemområda er karakterisert av å vera eit komplisert teknisk-økonomisk samvirke mellom kundar, produsentar av elektriske apparat og Luster Energiverk som netteigar. Myndighetene spelar også ein viktig rolle for å koordinere dette samspelet og setje dei rammevilkår som er samfunnsøkonomisk sett rasjonelle.

Kva er leveringskvalitet

Leveringskvalitet er eit samleord som omfattar leveringstryggleik og spenningskvalitet. Det omfattar ikkje element som kundeservice og informasjon. 1. januar 2005 kom det ei ny forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet (sjå <http://www.lovddata.no/for/sf/oe/oe-20041130-1557.html>). Forskrifta skal medverke til at kvaliteten på elektrisiteten som forbrukarar og næringsverksemd får levert, er tilfredsstillande.

Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet inneheld føresegn knyta til tekniske forhold om leveringstryggleik og spenningskvalitet. Det er gjevne reglar for behandling av kundeføresurnadar om leveringskvalitet, samt krav til informasjon om denne. Det er gjevne reglar for kven som er ansvarleg for å rette opp i forhold som medfører endring i leveringstryggleik eller spenningskvalitet.

Alle aktørar til knyta det norske kraftsystemet påverkar i større eller mindre grad kvaliteten på den elektrisiteten som vert levert frå kraftsystemet. Forskrifta gjeld derfor alle som heilt eller delvis eig, driv eller brukar elektriske anlegg eller elektrisk utstyr som er tilkople i det norske kraftsystemet, samt den som i medhald av energilova er utpeikt som systemansvarleg.

Blant anna presiserast nettselskapas plikt til å oppretta elektrisitetsforsyninga til nettkundane så snart som mogleg etter eit avbrot. Forskrifta klargjer ansvarsforholdet mellom nettselskap og nettkundar ved avbrot og i forhold til spenningskvalitet. Hovudregelen er at den eller dei som er årsaka til redusert leveringskvalitet, også skal utbetra forholdet.(§ 2-1).

Nettselskapa har ansvar for å overvake kvaliteten innanfor eige forsyningsområde. Luster Energiverk har investert i stasjonært måleutstyr som måle kontinuerleg og er plassert i Dalsøyri koplingsstasjon, i tillegg til flyttbare instrument som kan plasserast ute hjå kundane. Leveringstryggleiken vert bestemt av kor mange avbrot som vert registrert og lengda på desse. Alle avbrot fører til at nettselskapa skal gje økonomisk kompensasjon gjennom reduksjon i si inntektsramme.

IK 1	K 08 – 70	Retningslinjer for leveringskvalitet	Utarbeida av: Hallgeir Hastlevoll	Side: 3 av 4
Kapittel 8	Utgåve: 1		Godkjendt av: Anders Molland	Dato: 17.10.2016

Spenningskvalitet vert bestemt av bruksverdi av elektrisiteten når det ikkje er avbrot. Elektriske apparat er utvikla for å fungere optimalt ved påtrykk av ein spenning med ein perfekt sinusforma kurve, konstant amplitude og frekvens. Avvik frå dette reduserer spenningskvaliteten. Tabellen viser dei ulike faktorane som gjev spenningskvaliteten.

Fysiske forhold som gjev spenningskvaliteten		
Spennings frekvens	Frekvens- og tidsavvik	
Spennings effektivverdi	Langsame spenningsvariasjonar	
	Hurtige spenningsvariasjonar	Kortvarige over- og underspenningar Spenningsstrang Spenningsfluktrasjoner
	Spennings u-symmetri	
Spennings kurveform	Harmoniske spenningar	Over-harmoniske spenningar Inter-harmoniske spenningar
	Transiente over-spenningar	
	Signaltransmisjon på kraftnettet	

Kva gjer Luster Energiverk ?

Luster Energiverk har kjøpt inn transportabelt utstyr som kan plasserast ute hjå kundane for å overvake spenningskvaliteten i leveringspunktet. Etter ei viss tid analyserast desse data og ut i frå analysen kan ein avgjere om kvaliteten er innanfor gjevne krav. Ein slik kontroll skal tingast skriftlig eller munnleg hjå Luster Energiverk.

Opplysningar om utstyret finner du [HER](#)

Ved usemje mellom netteigar og kunde om tyding av forskrifta om leveringskvalitet kan saken bringast inn til Norges vassdrags- og energidirektorat for avgjersle, jf. forskriftas § 2-6.

IK 1	K 08 – 70	Retningslinjer for leveringskvalitet	Utarbeida av: Hallgeir Hastlevoll	Side: 4 av 4
Kapittel 8	Utgåve: 1		Godkjendt av: Anders Molland	Dato: 17.10.2016

Kva om lynet slår ned og utstyr blir øydelagt?

Lynnedslag kan ofte vere dramatisk. Sjølv om me har ei vernekjede som skal beskytte egne og kundars anlegg mot følgjeskadar etter lynnedslag, oppleve me frå tid til annan slike skadar. Når det går ut over hus installasjonar, opplever ein det ofte svært dramatisk, med blått lys i stikkontaktar og “eksploberte” sikringskåp. Lynnedslag og verknadane av dette er forhold som Luster Energiverk ikkje kan kontrollere. Derfor er heller ikkje Luster Energiverk ansvarleg ved skadar som følge av lynnedslag. Opplever ein som kunde at elektriske apparat eller andre ting i huset skadast under torevær, skal ein kontakte eige forsikringsselskap.

Mistanke om unormale spenningsforhold?

Er du i tvil om spenningskvaliteten på din straum er i samsvar til dei nemnte forskriftene, tek du kontakt med Luster Energiverk. Me vil sørge for at spenningskvaliteten blir målt. Til målinga nyttar me Medcals nettanalysator, og me sender rapport etter at målinga er føreteke.

Om det har vore unormale tilstandar, og oppstått skade som følge av desse, skal forsikringsselskapet kontaktast. Saksbehandling og erstatningsnivå vil då avgjerast av vårt og kundens forsikringsselskap.

Direktekompensasjon

1.1.2007 kom ein regel om direktekompensasjon til kundar ved svært langvarige avbrot. Dette vil seia at kunden kan krevja kompensasjon ved avbrot som varer meir enn 12 timer. Tida reknast frå Luster Energiverk får beskjed om straumutfallet. For fritidsbustadar er kompensasjonen avgrensa til kundens forventa årlege nettleige, energiledd og fastledd inkludert. Før utbetaling av kompensasjon, må kunden fremme eit krav på eget skjema utarbeida av Luster Energiverk. Luster Energiverk vil då sjekke dette mot egne opplysningar om avbrotet før utbetaling. Det vises elles til ”Standard vilkår”, avtalen kunden inngår idet ein vert til knyta nettet. [Meir om denne kompensasjonen kan ein lese her.](#)